



Frå Kvinnheradsmeisterskapet i fjor.

Terrengløpskarusellen rullar vidare. Onsdag kveld kl. 18 er det klart for det tredje løpet i årets karusell på Husnes. Dette løpet er også Kvinnheradsmeisterskap for året. I det siste karuselløpet, Spar-løpet, var det over 150 deltakarar. Skal vi håpa på at om lag like mange stiller til start også komande onsdag?

Løpet på Husnes foregår i Trioløypa i Husnes idrettspark og har status som Kvinnheradmeisterskap.

Start i alle klassar er bak tribuna på stadion. Dei yngste spring først, så startar ein i heat.

Klassar opp til og med 9 år spring 350 meter.

Klassar 10-11 år spring 650 meter.

Klassar 12-16 år spring 900 meter (1 full runde).

Senior 17 år og eldre spring 2700 meter (3 rundar).

[Sjå vedlagte løypekart.](#)

Det er lettast for arrangørane at flest mogleg melder seg på på førehand. [HER](#) kan de klikka inn og melda dåke på.

Det vil også vera råd å melde seg på i sekretariatet ved frammøte, mellom kl 17 og 17.30 på løpsdagen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Camilla M. Ripel